

Sør-Trøndelag fylkeskommune
Rådgjevar Knut Wik
Avdeling for regional utvikling. Kultur
Erling Skakkesgt. 14 Fylkeshuset

7004 TRONDHEIM

Saksbehandler: Gunnar Urtegaard
Direkte tlf.: 23 11 75 00

Vår ref.: 09/103-
Deres ref.:

Vår dato: 09.03.2009
Deres dato:

Samarbeid om Europeana Local og ABM-søk.

ABM-utvikling inviterer hermed Sør-Trøndelag med som prøveregion i arbeidet med å levere data til Europeana gjennom Europeana Local. Vi viser til samtale om dette i møter og dialog pr. epost. Sør-Trøndelag har signalisert slik interesse ved flere høve. Det er et viktig mål i Europeana Local at flere regioner etter hvert kan knytte benytte seg av det som utvikles i prosjektet.

Arbeidet med Europeana Local henger tett sammen med den nasjonale tjenesten ABM-søk. I invitasjonen ligger og et ønske fra ABM-utvikling om at Sør-Trøndelag kan være med å utvikle ABM-søk slik at tjenesten blir best mulig tilpasset lokale og regionale behov i Trøndelag. Erfaringene her vil være nyttige for andre fylker.

I dette brevet sier vi litt om hva et slikt samarbeid kan omfatte. Vedlagt er også en beskrivelse av den infrastrukturen som ABM-søk og Europeana Local blir en viktig del av. Vi har i dag ikke presise svar på alt. Ting må avklares og konkretiseres etter hvert slik det er i denne typen utviklingsprosjekter.

Litt om Europeana Local. (EL)

EL er et prosjekt som omfatter 27 regioner i 27 land. Målet er at lokale og regionale ABM-institusjoner i disse landene skal kartlegge data som kan være aktuelle å formidle gjennom Europeana. Etter kartleggingen skal et utvalg av data tilpasses en felles ABM-standard og deretter kunne leveres i et format som gjør overføring til Europeana mulig. Bare data som er relevant i søking og presentasjon blir hentet ut. Det er ikke snakk om overføring av hele dataposter. Fra hver datapost vil det bli lenke tilbake fra Europeana til den originale dataposten som den enkelte institusjon eier og kontrollerer.

Data fra Europeana Local vil i første omgang bli importert inn i en kopi av det som til en hver tid er tjenesten Europeana. (Sjå www.europeana.eu). Etter hvert vil data bli overført til hovudtjenesten og bli en del av denne. Prosjektet startet i juni 2008 og blir avsluttet i juni 2011. ABM-utvikling er med i styret for Europeana Local sammen med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avinet, (Sogndal, Trondheim) er en av to tekniske partnere.

Vi er nå kommet så langt i arbeidet med Europeana Local at grunnleggende infrastrukturer begynner å komme på plass. I løpet av 2-4 måneder vil vi kunne testa deler av produksjonsløypen med data fra abm-institusjoner i Sogn og Fjordane.

Vi håper at Trøndelag vil være neste region som kan levere data. ABM-utvikling ser Europeana Local i nær sammenheng med arbeidet med nasjonal infrastruktur i abm-sektoren og nasjonale søketjenster som ABM-søk. Data som klargjøres for Europeana Local blir automatisk en del av datagrunnlaget for ABM-søk.

Oppgaver som må løses.

1. Trøndelag må kartlegge aktuelle digitale data i ABM-institusjoner. Her er det laget et opplegg som er i bruk i prosjektet. I første omgang er det snakk om å kartlegge digitale data i arkiv, bibliotek, museum samt andre relevante tjenester som Trondhjemsbilder, Kildenett, Digitalt fortalt med mer. Målet er å få et godt datagrunnlag med spennende digitale ABM-data som kan benyttes. Rene katalogposter uten digitale objekter er nedprioritert i Europeana, men vil inkluderes i ABM-søk.
2. Trøndelag må være med i workshops og liknende aktiviteter knyttet til Europeana Local og ABM-søk for å gjøre seg kjent med prosjektet og de mulighetene som ligger her og det arbeidet som gjøres.
3. Digitale data (jfr punkt 1) fra Trøndelag må tilpasses en felles ABM-standard som blir benyttet både i ABM-søk og Europeana Local. Her må institusjoner i Trøndelag delta med fagkunnskap om sine samlinger.
4. Med basis i kunnskap om digitale data gjennom kartleggingen, kunnskap om Europeana Local/Europeana og om ABM-søk må Trøndelag utarbeide en plan for hvorledes en slik infrastruktur som ABM-søk/Europeana best kan tilpasses lokale og regionale behov.
5. Arbeidet med Europeana Local og ABM-søk vil skje i referansegrupper, faggrupper og på liknende vis. Her vil og bruk av mobile og sosiale teknologier bli viktig.
6. Europeana Local skal gjennom en grundig evaluering på ulike nivåer. ABM-utvikling ønsker at Trøndelag kan delta i utforming av metoder og i selve evalueringen med basis i egne erfaringer og i arbeidet med å utvikle egne tjenester.
7. Økonomi. ABM-utvikling vil dekke reiser ut av fylket i forbindelse med arbeidet i prosjektet. Det er pr. i dag ikke satt av midler som kan brukes til frikjøp av fagpersoner ved institusjonene i Trøndelag eller på annet vis få dekket arbeidstid. Men vi håper og tror at det faglige utbyttet av å være med vil være stort, og at det som skal gjøres vil være svært relevant for arbeidet med å bygge nye tjenester for innbyggerne i Trøndelag.
8. Kontaktperson må oppnevnes for prosjektet.


ABM-utvikling ber om svar fra Trøndelag fylkeskommune så snart som mulig, senest innen 22. april 2009.

Leikny Haga Indergaard
Direktør

Gunnar Urtegaard
Avdelingsdirektør

Vedlegg 1. Utfyllande opplysningar om ABM-søk og Europeana Local.

ABM-utvikling prioriterer no etablering av infrastruktur og nasjonale fellesløyser i ABM-sektoren. Konkret kan dette illustrerast slik:



Fagsystema som Asta (arkiv), Primus (museum) og dei mest nytta fagsystema for bibliotek vil danna grunnstamma i dette.

Arkivportalen, Biblioteksøk og PrimusWeb (Digitalt Museum), vil verta etablerte som søketenester mot dei sektorvise fellesløyserne.

Over desse vil data verta samordna i ein ABM-standard som strukturer data frå alle tre sektorane i eit felles skjema. ABM-søk vil henta data frå denne strukturen og utføra tverrsektorielle søk i data frå institusjonar i heile ABM-sektoren. Me reknar med at første versjon av desse tenestene vil koma i siste halvdel av 2009.

ABM-utvikling er ein sentral part i EuropeanaLocal og det prosjektet vil verta nyttig i høve til fasane ovanfor. Prosjektet skal og levera eit avgrensa sett med ABM-data vidare til Europeana og soleis bidra med norsk ABM-innhald, men og auka fagkompetansen på samordning og integrering av data i eit ABM-perspektiv.

Felles ABM-standard.

Europeana vil dei første åra nytta noko dei kalla Europeana Semantic Elements 3.1 (ESE 3.1). Det vert arbeidd vidare med andre løyserne frå 2010, men dette er første fase. ESE 3.1 er

basert på kvalifisert Dublin Core. Dublin Core er opphavleg eit enkelt skjema med 15 felt: Title, Creator, Subject, Description, Publisher, Contributor, Date, Type, Format, Identifier, Source, Language, Relation, Coverage, Rights, Provenance, UserTag

Dei fleste av desse felta forstår ein ut frå namnet, men eit par av dei treng kanskje litt forklaring. *Date* er felt for tidsopplysningar knytt til sjølve objektet, ikkje innhaldet i objektet. Ei bok som kom ut i 1990 kan handla om siste krig. Då vil det stå 1990 i dette feltet, ikkje 1940-1945. Feltet *Relation* kan nyttast til å halda saman opplysningar t.d. i Asta som er registrert hirarkisk slik at ikkje samanhengane fell bort. Feltet *Coverage* skal i utgangspunktet romma både opplysningar om tid og geografi. Tid i denne samanhengen er innhaldet, altså 1940-1945 i vår samanheng. Geografi kan vera land, fylke, kommune, gardsnummer, bruksnummer, adresse, koordinatar med meir.

Europeana nyttar sokalla kvalifisert Dublin Core. Det medfører at det er høve til å detaljera ein del av felta, mellom anna *Date*, *Coverage* og *Relation* slik ein i alt kjem opp i kring 40 felt. Etableringa av Europeana og det faglege arbeidet som ligg bak, har ført til at alle land no vurderer korleis nasjonale og lokale system for arkiv, bibliotek og museum kan tilpasse seg denne standarden for å kunna levera til Europeana. ESE 3.1 er grovare enn fagstandardar som vert nytta i sektorane. Det er viktig å hugsa på at det berre er data som er naudsynt for søking og presentasjon som skal haustast, ikkje fulle datasett.

ABM-utvikling er i samarbeid med sentrale fagmiljø i gang med å tilpassa data frå Asta, Primus, fotobasar, Digitalt Fortalt med meir mot ESE 3.1 slik at data kan haustast inn og ein kan byggja nye tenester på denne felles standarden.

Det er etter måten greitt å peika rett felt i fagsystema til rett felt i ESE 3.1. Utfordringane byrjar når ein går inn det semantiske innhaldet i dei ulike fagsystema. Her skil og spriker praksis. Vidare arbeid med dette vil og vera ei nyttig øving for institusjonar og fagmiljøa. Me ser alt no at dette har starta ein debatt om kvaliteten på metadata og kva som bør gjerast på kort og langt sikt.


ABM-søk.

ABM-utvikling har arbeidd med ein prototype på ABM-søk i 2008. Data frå Riksarkivet, Deichmanske bibliotek, Digitalarkivet, Nasjonalbiblioteket, PrimusWeb (gjenstandar frå musea) og data frå abm-institusjonar i Sogn og Fjordane har vore nytta i dette arbeidet. I 2009 vil dette verta etablert som første versjon av ei fast teneste. Dei nasjonale fellesløyisingane for data frå arkiv, bibliotek og museum som er omtala ovanfor vil danna grunnlaget for denne tenesta. Felles ABM-standard basert på løysinga som Europeana nyttar, vil liggja til grunn for utvikling av søketenester på tvers av sektorane.

Eit ABM-søk må vera fleksibelt og må avstemmast mot sektorvise søk som Biblioteksøk, Arkivportalen og PrimusWeb. Desse utfyller kvarandre.

Viktige funksjonar i eit ABM-søk.

1. Utføra samordna søk i nasjonale fellesløysingar med oppdaterte opplysningar om foto, gjenstandar, arkivtilfang, litteratur/prenta tilfang, multimedia, kunst, digitale forteljingar, brukargenerert innhald, innhald i kulturnett Norge og regionale kulturnett med meir.
2. Visa veg til og synleggjera institusjonane som har ansvar for materialet og som kan gje utfyllande opplysningar
3. Ha funksjonar som er tilpassa viktige brukargrupper som folk flest, elevar, studentar og lærarar, forskarar, profesjonelle som tilsette i ABM-sektoren med meir.
4. Ha stor fleksibilitet. Det må vera mogeleg å søkja etter materiale frå ein institusjon, ei samling, ei gruppe institusjonar eller alle ABM-institusjonane i landet under eitt.
5. ABM-søk må kunne gjera utval av materiale og levera tilpassa tenester til fylke, skule/utdanning, næringsliv/reiseliv, institusjonane sjølve, regionale kulturnett, kommunar, Europeana, søkemotorar, temaportalar, privata nettsider med meir.
6. ABM-søk må gje brukarane høve til å søkja, navigera og kopla data slik dei vil ut frå egne interesser. Det må vera mogeleg å oppretta egne virtuelle samlingar, egne virtuelle arkiv, bibliotek eller museum eller egne virtuelle ABM-institusjonar.
7. ABM-søk må ta i bruk nye måtar for å samhandla med brukarane, opna for brukargenerert innhald og kunne levera informasjon til vie epost, RSS, SMS, MMS, med meir.
8. ABM-søk må ha gode kartfunksjonar slik at moderne kartnavigering vert eit viktig brukagrensensnitt inn til tenesta.



Den figuren viser korleis ein felles infrastruktur kan levera tenester ut til ulike mottakarar. Fleire av desse vil vera relevante for arbeidet med ABM-søk i Trøndelag. Det er viktig å vera klar over at dette er eit samansett område og at det vil ta tid å utvikla gode tenester.